




Midt-Telemark **kommune**

Målbruksdokument

Vedtatt av fellesnemnda 8. februar 2019





Del I - Målbruksplan

Bakgrunn

Midt-Telemark kommune er resultatet av samanslåinga av kommunane Bø og Sauherad. I intensjonsavtala mellom kommunane står det følgjande om den nye kommunens språkpolitikk:

- "Kommunen vil ta omsyn til at innbyggjarane har ein levande dialektbruk og både har bokmål og nynorsk som hovudmål
- Den nye kommunen skal legge til rette for aktiv bruk av begge målformene. Kommunen skal utarbeide ein målbruksplan som konkretiserer korleis ein kan forvalte begge målformene"

Kommunen har som storbrukar av språk eit særleg ansvar for å ta vare på og bruke den lokale språklege kulturen. Gjennom språkbruken kan kommunen bidra til godt vedlikehald av språket, god språkpraksis og til interesse for lokalt særpreg og språkleg mangfald.

Målform

Midt-Telemark kommune er ein tospråkleg kommune. Det vil seie at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vera likestilte skriftspråk i alle kommunale organ og einingar. «Likestilte» vil her seie at språka skal vere om lag like mykje brukte i kommunale offentlege dokument, og at målformene skal ha like vilkår for bruk og utvikling.

Språkpolitiske mål

Skriftspråket til dei tilsette i Midt-Telemark kommune skal vere enkelt, klårt, presist og brukarretta. Det skal vere korrekt etter gjeldande rettskriving.

Nynorsk og bokmål skal vere likestilte målformer, og begge målformene skal ha gode vilkår i kommunen.

Midt-Telemark skal vere ein kommune der språk, målform og dialekt blir framheva som ein viktig del av kommunen sin kultur og identitet, som ein nøkkel til oppleving av kultur, tryggleik og samhald og forståing.

Alle som veks opp i kommunen, skal få ei god forståing av både bokmål, nynorsk og dialekt. Mykje av grunnlaget for talemålet til ungane blir i dag lagt i barnehagane og skulane.





Det er derfor viktig at me har språkmedvitne medarbeidarar på desse stadene. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande

Nasjonalt og lokalt ansvar

Midt-Telemark kommune er ein randsonesokommune for bruk av nynorsk, og det er også nynorsk som er under størst press både offentleg og privat. Ei svekking av nynorsken i randsonene vil føre til at nynorskens stilling som nasjonalt språk, blir truga. Kommunens språkpolitikk skal derfor vera i samsvar med Stortingets vedtekne prinsipp om å ta omsyn til nynorsken, og med innhaldet i stortingsmeldinga "Mål og meining - Ein heilskapleg norsk språkpolitikk".

Sidan både bokmål og nynorsk blir brukt av mange innbyggjarar i kommunen, er det eit særskilt kommunalt ansvar å ivareta interessene og rettane til alle desse. Målbruksplanen vil såleis ha mykje å seie for "folk flest". Det er òg eit kommunalt ansvar å syte for at tilhøva for brukarane av den eine målforma ikkje blir påverka negativt av den nye organiseringa. Nye Midt-Telemark kommune vil gjennom denne målbruksplanen handtere begge målformene i tråd med lovar og regelverk, og i tråd med dei språkpolitiske måla som gjeld for den nye kommunen. Målbruksplanen skal såleis vera "ei hjelpande hand" i arbeidet med å sikre bruken av begge målformene, og gjera oss medvitne om den samla språkbruken. Ved å legge tiltaka i denne målbruksplanen til grunn i sitt arbeid, vil kommunen nå målet om ein likestilt tospråkleg kommune.

Det språklege mangfaldet i Noreg er ein nasjonal verdi, og Midt-Telemark kommune er medviten sitt ansvar for å dyrke og ta vare på sin unike bit av dette mangfaldet. Kommunen ser det som ei sentral oppgåve å verne dei lokale talemåla, i og med at dialekta (målføret) er ein viktig del av den lokale kulturarven, ein arv som er under press på lik line med nynorsken. Kommunen ønsker derfor å verne om dialekta vår gjennom levande bruk og medviten utvikling.

Norsk språkråd er kommunens rådgjevande organ i spørsmål som gjeld norsk språk – bokmål og nynorsk.

Tiltak

I samsvar med det førnemnde skal rådmannen:

1. Lage eit oversyn over kva for kommunale dokument som skal skrivast på nynorsk, og kva som skal skrivast på bokmål. Hovuddokumenta frå kommunen slik som kommuneplanar, årsbudsjett og andre større plandokument skal som hovudregel vera på nynorsk. Oversynet skal ligge som vedlegg til kommunens målbruksplan og oppdaterast så ofte som rådmannen finn det føremålstenleg.





2. Sikre at kommunens arkiv er målformnøytralt, og at alt arkivverdig materiale skal vera søkbart på begge målformer. Det leggst til grunn at dette ikkje fører til dobbelt arbeid.
3. Gje alle tilsette med saksbehandlaroppgåver tilbod om kurs i godt språk generelt, og nynorsk spesielt.
4. Sikre at alle tilsette har tilgang på nettbaserte administrative hjelpemiddel.
5. Sikre at det heile tida er tilsette i administrasjonen som kan skrive på begge målformer, og som kan vera til støtte for tilsette.
6. Sikre at alle offentlege kunngjeringar skjer på nynorsk, og at det i alle stillingsutlysingar blir gjort merksam på at tilsette må rekne med tenestebuk av både bokmål og nynorsk.
7. Sjå til at det i kommunedelplan for oppvekst blir laga ein strategi for å sikre aktiv bruk av og tidleg introduksjon til begge målformene og dialekt i barnehage og skule. Strategien må omfatte både skule- og kulturfeltet.
Skulane i kommunen skal inntil vidare nytte den målforma som dei nyttar i dag. Val av skriftmål for elevane i skulen skjer elles etter dei lovane og forskriftene som regulerer slikt. Dersom ein skulekrins ynskjer å endre målformea på sin skule, må ein krevje språkrøysting etter opplæringslova, sjå vedlegg 2.
I den munnlege opplæringa skal undervisningspersonell og skuleleiing i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.
8. Fremje sak om at kommunen ber om nynorsk i skriv frå statsorgan.
9. Innbyggjarar – folk og organisasjonar – som tek skrifteleg kontakt med kommunen, har rett på, og skal få svar på sine brev og e-postar i same målform som er bruka i brev og e-post til kommunen.
10. Fremje sak om å melde kommunen inn i Landssamanslutninga av Nynorskkommunar (LNK). Dette er ein interesseorganisasjon for kommunar som forvaltar eit ansvar for nynorsk språk. Organisasjonen tilbyr relevante kurs og konferansar som kommunen bør nytte seg av.
11. Sikre at kommunen i det heile har ein språkleg praksis i tråd med lovar og regelverk, og at alt eksternt språk er i samsvar med gjeldande rettskriving. Det visast her til Vedlegg 3 til målbruksplanen.
12. Kommunen skal etterspørje og om mogleg skaffe digitale plattformer til støtte for bruk av begge målformene, med brukargrensesnitt for både bokmål og nynorsk til bruk i alle kommunale etatar og tenesteytingar.





Rapportering

Rådmannen skal rapportere på målbruksplanens mål og intensjonar ved å:

1. Gje ein kort skriftleg rapport i samband med tertialrapporteringane.
2. Sikre at det i kvar årsmelding blir rapportert om måloppnåing av målbruksplanen, og at det samstundes blir rapportert om kva målform som er nytta i eventuelle nye kommunale planverk og andre omfattande tekstar for året.
3. Dette måldokumentet skal evalueres ved behov, men innen utgangen av 2024.

Praktiske ordningar og retningslinjer

Rådmannen har ansvar for å sikre at dei to likestilte målformene er representerte med om lag like mykje i den samla kommunale tekstproduksjonen ved mellom anna å gjennomføre dei tiltaka som er nemnt i målbruksplanen.

I interne dokument og e-postar brukar saksbehandlar den målforma som kvar skriv best på, eller sjølv vel. Det same gjeld saksdokument som skal til politisk behandling. Rådmannen kan gjera unntak for saksførebuande notat.

Begge målformene skal vera representerte i informasjonsmateriell frå kommunen.

Byggjefelt, vegar og stadnamn skal ha lokale namn og byggje på lokal namntradisjon. Ved fastsetting av skrivemåte skal ein i samsvar med *Lov om stadnamn* ta utgangspunkt i den nedarva lokale uttalen, og i skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp.





DEL II - Utfyllande kommentarar til målbruksplanen

Administrativ målbruk.

Dersom ikkje kommunen / saksbehandlar kjenner til målforma til mottakar, blir det opp til den einskilde saksbehandlaren kva målform han eller ho vel å bruke.

Stadnamn

Som ein del av det språklege mangfaldet i Noreg er Midt-Telemark kommune medviten sitt ansvar for å dyrke og å verne den lokale stadnamn-tradisjonen.

Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggje på lokal namnetradisjon. Skrivemåten skal følgje stadnamnlova frå 1990. I Forskrift til lova om skrivemåten av stadnamn står det slik i § 3:

"Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei tillaten form i den målforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det. Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving. Ved fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn skal det leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har når det gjeld skrivemåte."

Digitale plattformer

Midt-Telemark kommune skal, viss det er mogleg, ha digital programvare tilgjengeleg i begge målformene.

Kommunens heimeside skal følge dei same generelle retningslinjene som gjeld for annan kommunikasjon mot innbyggjarane. Men det er å merke seg at det er kommunens samla kommunikasjon / informasjon ut mot brukarane som skal balanserast i bruken av dei to målformene.





Gjennomføring – opplæring

Kommunen tek sikte på å gje alle kommunetilsette tilbod om kurs og rettleiing i god og klar målføring generelt, og nynorsk målbruk spesielt. Tilsette i skulen og barnehagane skal gjerast kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialekter og lokal kultur. Rådmannen syter for at det i kommunens planar for kompetanse blir inkludert opplæring i bokmål, nynorsk og "Klart språk". Døme på opplæringskjelder som finst er m.a.:

- Klart Språk-prosjektet (digitale kurs via DiFi)
- [LNK - Landssamanslutninga av nynorskkommunar](#) (Målbruksplanen legg til grunn at Midt-Telemark kommune blir medlem av LNK og såleis får tilgang til dei kurs som LNK gjev tilbod om).
- Språkrådet, som har tilbod om ulike kurs

Tilsettingar

Tilsette må rekne med tenestebruk av både nynorsk og bokmål. Kommunen vil gje tilbod om opplæring ved behov.

I utlysingar av ledige stillingar bør det som hovudregel stå at søkjar bør kunne meistre begge målformene.

Hjelpemiddel – aktuelle lenker

Lovdata: Mållova, Opplæringslova

Språkrådet

Midt-Telemark kommune skal gje alle tilsette tilgang til digitale ordlister i begge målformene.





Del III - Vedlegg.

Vedlegg 1.

Oversikt over kommunale dokumenter med opplysning om kva mål dei skal skrivast på. I tillegg tek notatet for seg skilting og annonsar.

Dokumenttype/Namn	Nynorsk	Bokmål
Kommuneplanen si samfunnsdel	x	
Kommuneplanen si arealdel	x	
Kommunal planstrategi for Midt-Telemark kommune	x	
KDP for klima og energi	x	
KDP for kulturminne	x	
KDP for landbruk		x
KDP for idrett og fysisk aktivitet	x	
KDP for kunst og kultur	x	
KDP for vatn og avløp	x	
KDP flyktningepolitikk		x
KDP oppvekst		x
KDP helse og omsorg		x
KDP Lifjell	x	
Områdereguleringsplan for Bø sentrum	x	
Områdereguleringsplan for Klokkeåsen og Skyttarvegen	x	
Områdereguleringsplan for Skåråfjella boligområde		x
Områdereguleringsplan for Geiteryggen boligområde		x
Områdereguleringsplan for		
Økonomiplan og budsjett		X
Årsmelding og regnskap		x
Hovudplan for forsyning av vatn	x	
Tiltaksplan for avløp	x	
Plan for psykisk helse		x
Plan for pleie- og omsorgstjenesten		x
Plan for velferdsteknologi		x
Trafikksikkerhetsplan	x	
Sykkelplan	x	
Overordna ROS-analyse		x
Beredskapsplan		x
Digitaliseringsstrategi for Midt-Telemark		x
Student- og elevmelding	X	
Bustadpolitisk plan	x	
Strategisk næringsplan	x	
Kunngjeringar -	x	
Stillingsannonsar	x	
Skilting i det området som tidlegare var Sauherad kommune		X





Dokumenttype/Namn	Nynorsk	Bokmål
Skilting i det området som tidlegare var Bø kommune	X	
Brev som kjem til Midt-Telemark kommune skal svarast på i den målformen dei har kome inn.	X	X
Forskriftar frå kommunen	x	x
Saksframlegg til kommunestyret	x	x
Saksframlegg til formannskapet	x	x
Saksframlegg til utval for helse og velferd	x	x
Saksframlegg til utval for oppvekst	x	x
Saksframlegg til utval for plan, teknikk og næring	x	x
Saksframlegg til andre politiske organ	X	X
Kommunene si heimeside	x	x

Kryss for begge målformer indikerer valfridom.

Fleire av desse planane eksisterer i dag, val av målform legg føringar på kva for målform desse skal ha ved rullering eller ved etablering i Midt-Telemark kommune.

I intern kommunikasjon nyttar dei tilsette den målforma dei sjølv ønskjer.





Vedlegg 2

Lover, regelverk og rettar

Følgjande lover regulerer målbruken i offentleg teneste:

- Lov om målbruk i offentleg teneste
- Forskrift om målbruk i offentleg teneste
- Opplæringslova (val av målform i skulen)

Regelverk:

Kommunale forskrifter om kva målform som skal vera hovudmål i dei einskilde skulane, jf. her kommunalt målvedtak. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid (gjeld t.o.m. 7. klasse). Foreldra vel målform på lærebøkene t.o.m. 7. klasse for fag utanom lærebøker i hovudmålet.

Jamfør også her råd gjeve av Språkrådet som har delegert mynde frå Kulturdept. , sjå Språkrådets heimeside.

Rettar:

Rett nr 1: Språkrøysting

Språkrøysting skal gjennomførast når kommunestyret vedtar det, eller når 25 % av veljarane i kretsen krev det. Ei språkrøysting er rådgjevande for kommunestyret, som vedtar målform for den einskilde skule.

Rett nr 2: Språkdeling

Når 10 eller fleire elevar på same årstrinn krev det, har dei rett til språkdeling (tidlegare kalla klassedeling). Det vil seia at desse elevane har krav på å få oppretta ei eiga gruppe med alle lærebøker og all undervisning på det språket som ikkje er vedtatt språk for skulekrinsen. Språkdeling kan krevjast frå 1. til 7. klassetrinn.

Rett nr. 3 Lærebøker på anna opplæringsspråk

Nynorskelevar på bokmålsskular og bokmålslevar på nynorskskular kan frå 1. til 7. trinn velje lærebøker på det andre opplæringsspråket i alle fag unntatt i norsk.

Rett nr 4: Ungdomsskulen

Frå og med 8. årstrinn vel eleven sjølv hovudmål, og kan da krevje bøker på hovudmålet sitt i alle fag – også i norsk.

Jamfør her Opplæringslovas §2-5 Målformer i grunnskulen.

Rett nr. 5 Retten til læremiddel

Elevane har rett til læremiddel, både trykte og digitale, på eige hovudmål.





Skuleadministrasjonen og rektorane skal gjere dei tilsette kjende med det følgjande utdraget frå Opplæringslova § 2–5 fyrste til tredje ledd:

”Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar. Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.”



Klart språk

Norsk språkråd

Norsk språkråd er Statens rådgjevande organ i spørsmål som gjeld norsk språk – bokmål og nynorsk. Språkrådets nettside finn du under [sprakrad.no](https://www.sprakrad.no). Her er ordlister, ordbøker og gode råd om språkbruk.

Kommunalt ansvar

Så langt forvaltningslova og denne målbruksplanen ikkje er til hinder for det, skal sakshandsamarane bruke det språket dei meistarar best og slik sett bidra til eit klart språk i den kommunale forvaltninga.

Kva er godt språk?

Når det gjeld offentlig språkbruk, er det tre krav ein alltid må ha i minnet :

Skriv klart

Skriv enkelt og kort

Ver presis

Det viktigaste av allt er at saksframstillinga er klar og presis. Så lenge det ikkje går ut over dette kravet, bør framstillinga vera mest mogeleg enkel og lettforståeleg. Hugs på at vedkommande som skal lese brevet / framstillinga, truleg ikkje har den kunnskapen om saka som du har. Faktum og forklaring av regelverk må gå fram på ein slik måte at "alle" kan forstå og halde seg til det same faktum som du meiner å formidle.

Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk. Særleg viktig er det at me nyttar aktiv og ikkje passiv setningsbygning, og at me har ei ordrekkefølge som i vanleg talemål. Unngå for mykje substantivbruk. På nynorsk er det ofte betre å bruke verb og adjektiv der det på bokmål blir nytta substantiv.

Me bør bruke norske ord i staden for framandord, så sant det let seg giera.





Endringshistorikk

Versjon nr.:	Endret av:	Dato:	Kapittel som er endret:	Initialer:
1.0	Arbeidsgruppa	22.5.2018	Samla gjennomgang	BTK
1.1	Arbeidsgruppa	24.8.2018	Samla gjennomgang	BTK
1.2	Arbeidsgruppa	8.12.2018	Endra etter ettersyn	PD
2.0	Fellesnemnda	8.2.2019	Godkjenning i nemnda	PD

